



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/2048 - 23/15765

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
03.07.2023

## Førebels svar - stadfestning motteken søknad - gbnr 1/82 Loftås

Tiltak: Oppføring av garasje og mur  
Eigedom: Gbnr: 1/82  
Tiltakshavar: Trond Einar Kvamsdal  
Ansvarleg søker: Arkoconsult As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.06.2023 og saka har fått saksnummer 23/2048.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 og forskrift om byggesak (SAK) kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og forskrift om byggesak § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. SAK § 7-2, 1. ledd. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2, 1. ledd.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. landbruk, veg, vatn og avlaup), jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. SAK § 6-2, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. forskrift om byggesak § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter § 19-1, jf. §§ 19-2 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale styresmakter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker

Søknad om ferdigattest der komplet søknad er sendt inn. Dersom fristen ikke er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplet søknad er sendt inn. Byggverket kan ikke takast i bruk dersom fristen ikke er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no/>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Arkoconsult As Trond Einar Kvamsdal	Postboks 103 Nova 6	5291 5281	VALESTRANDSFOSSEN VALESTRANDSFOSSEN
--	------------------------	--------------	--